


Høyring – Industristrategi - REDIGERT VERSJON

Om deg som svarar



Navn	
1	Svaret er gitt på vegne av ei industribedrift.
2	Svaret er gitt på vegne av finansieringsinstitusjon (Bank, Innovasjon Norge, Fjord Invest o.l.)
3	Svaret er gitt på vegne av ei bedrift klassifisert som primærnæring.
4	Svaret er gitt av ei bedrift innan tenesteytande næring (unntatt finansnæringa).
5	Svaret er gitt på vegne av ein offentleg organisasjon.
6	Svaret er gitt på vegne av ein interesseorganisasjon.
7	Eg representerar med sjølv som privatperson.

Spørsmål	N	Gjennomsnitt	Standardavvik	Median
Om deg som svarar	15	4,27	1,77	5,00

Navn	Prosent
Svaret er gitt på vegne av ei industribedrift.	20,0%
Svaret er gitt på vegne av finansieringsinstitusjon (Bank, Innovasjon Norge, Fjord Invest o.l.)	0,0%
Svaret er gitt på vegne av ei bedrift klassifisert som primærnæring.	0,0%
Svaret er gitt av ei bedrift innan tenesteytande næring (unntatt finansnæringa).	20,0%
Svaret er gitt på vegne av ein offentleg organisasjon.	33,3%
Svaret er gitt på vegne av ein interesseorganisasjon.	26,7%
Eg representerar med sjølv som privatperson.	0,0%
N	15

Namn & Organisasjon:

Jan Støfring, Sunnfjord Næringsutviklig AS

Stein Arne Ottesen, Lutelandet Utvikling As

Lars Hellandsjø, Skipavika Næringspark as

Anders Seim jr, HMR Hydeq AS

Jan Atle Stang, NHO Sogn og Fjordane

Terje Bjerkan, PwC

Fiskeridirektoratet

Gunnar O. Hæreid, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Anders Haugen, Hellenes gruppa i Førde

Terje Laberg, Årdal Kommune

Lone Bareksten, Fram Flora AS

Sogn og Fjordane Bondelag

Merete Lunde, Vestlandsforskning

Hallvard Oppedal, Gulen kommune


Hans Inge Algrøy, Sjømat Norge

Nettsida - verdiskapingsplanen.no

Har du besøkt heimesida for verdiskapingsplanen tidlegare?


Om nettstaden www.verdiskapingsplanen.no

Industristrategien er eit oppfølgingspunkt til verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane.



Vurdering av nettsida verdiskapingsplanen.no

På ein skala frå 1-6 (der 1 er mest negativt, og 6 er mest positivt), kva er di vurdering av korleis det er å finne den informasjonen du leitar etter i nettutgåva av verdiskapingsplanen?



Navn	Prosent
1	0,0%
2	0,0%
3	25,0%
4	33,3%
5	25,0%
6	0,0%
Har ikke leita etter styringsinformasjon i planen.	16,7%
N	12


Huk av for dei industrielle moglegitene slik du ser det, både ut frå di vurdering av marknadsutsikter og ut frå kva styrke vi har i næringsmiljøet i fylket (maks 3 kryss).

Om industristrategien

- Analysekapitlet (4.2 - SWOT) Studer aktuell tekst i strategien ved å klikkeher.

Venstre kolonne i SWOT-analysen peikar på styrke og mogleheter. Vi ønskjer å få tilbakemelding på kva du vurderer som viktigaste område for mogeleg industriutvikling framover.

Føremålet er at vi får signal om kva arbeidsområde som bør prioriterast ut frå målet om arbeidsplassvekst (enten direkte eller som ringverknadar).



Navn	Prosent
Industriutvikling basert på store energiressursar.	64,3%
Industriutvikling basert på handtering av avfall fra petroleumsnæringane.	14,3%
Industriutvikling basert på islandføring av gass.	14,3%
Ny industri basert på biologiske råvarer frå jord- og skogbruk og/eller frå marine næringar.	21,4%
Etter mi vurdering er det viktigast å vere opne for koplingar på tvers av bransjar knytt til store samfunnsutfordringar innan miljø.	71,4%
Etter mi vurdering er det viktigast å vere opne for koplingar på tvers av bransjar knytt til store samfunnsutfordringar innan helse og velferd.	35,7%
Anna	35,7%
N	14

Kommentarar:

Mineral

Der vi har dedikerte, kunnskapsrike mennesker - ildsjeler. Alt frå tenesteytende til industri.


IKT

Saknar fokus på det Grøne skiftet i planen

Energieffektivisering

Huk av for dei største hindringane du ser for industriell utvikling, slik du ser det ut frå næringsstrukturen i fylket (maks 3 kryss).

Høgre kolonne i SWOT-analysen peikar på svake sider og eksterne truslar. Vi ønskjer å få di vurdering.



Navn	Prosent
Rekruttering av nøkkelpersonell til industrien.	26,7%
Digital infrastruktur.	33,3%
Samferdsle.	53,3%
Betre kopling mellom industri og vidaregående opplæring.	40,0%
Betre kopling mellom industri og høgare utdanning.	26,7%
Betre kopling mellom industri og forskingsmiljø.	53,3%
Politiske rammevilkår knytt til energiforsyning.	6,7%
Politiske rammevilkår knytt til klimatiltak.	0,0%
Politiske rammevilkår knytt til naturforvaltning.	20,0%
Kommunal arealavklaring.	13,3%
Anna	13,3%
N	15


Mangel på eksterne investorarar

Politiske rammevilkår knytt til råvareproduksjon som grunnlag for næringsmiddelindustrien

Delstrategi 1.1 Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping

Vurder strategien på ein skala frå 1-6 der 1 er mest negativt og 6 mest positivt.

Delstrategi 1.1. Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping. Studer aktuell tekst i strategien ved å klikke her.



Navn	Prosent
1	0,0%
2	0,0%
3	0,0%
4	41,7%
5	41,7%
6	8,3%
Usikker	8,3%
N	12

Svar frå industrileiar: Kva meiner du er eit høveleg tal deltakarar når det gjeld slike møteplassar?

ikkje meir enn 8-10

Avhenger av tema og form, men det er enklere å oppnå åpenhet i mindre fora. Derfor er tiltak som "gruppearbeid" og "speeddating" ofte funksjonelle om "møtet" inkluderer store antall.

Svar frå industrileiar: Er det andre føresetnadjar som må på plass for å gjere slike møteplassar nyttige?

Det må settast av nok tid, slik at det blir tryggheit for gode diskusjoner

Viktig å arbeide for å forbedre "delingskulturen" og "fellesskapsfølelsen". Dette er en langsiktig oppgave. Delstrategi 1.1 og 2.1 har det samme formål, nemlig informasjons- og "ressursdeling". Det er nødvendig at alle samfunnsaktører har i bakhodet en entydig forsking som viser at "noe skjer" med verdiskapingen når individer og rettsubjekter jevnlig møtes både formelt og uformelt. Det er viktig å definere "målet" med et møte eller en møteplass. Noen ganger vil målet være en løsning på et konkret problem, men veldig ofte oppdages "problemene" når "problemhavere" og "problemløsere" møtes formelt eller uformelt. Når det arrangeres "ad hoc" pregede møter, er det likevel viktig at det defineres en form for "fellesinteresse".

Korleis bør møteplassar som omtala i strategien utformast for å sikre at effekten er innovasjon og verdiskaping?

Etablere nettverk med grunnfokus på industri - og industriutvikling i lys av realiteten med "det grønne skiftet".

Det er viktig at industrien/næringslivet sjølv er aktivt med i utforming/planlegginga og iverksettinga av slike møteplassar. Dersom dette blir møteplassar regisserte av det offentlege ut frå eit nderleg ønskje om at ein skal "få til noko", blir eigarskapen til arenaen frå det private næringslivet si side så liten at den ikkje vil samle dei menneska ein i realiteten arrangerer møteplass for. Vi har møteplassar i dag som Kraft i Vest, Vekst i Vest, etc. som fungerer bra på sine områder, og som samlar mange private aktørar. Men innan fleire område bør slike møteplassar kunne skapast, muligens etter same leid som KV og VV.

Fylket må gjerne vere med å ta initiativ til slike møteplassar, men eigarskapen må i størst muleg grad leggast til næringslivet. Det betyr bl.a. at det er næringslivet sjølv som må opne og leie desse møta, ikkje ein representant frå fylkeskommunen.

Ei utfordring i dag er at vi har veldig mange små verksemder i fylket (for så vidt som i resten av landet). Leiarane av desse slit med å finne tid til å delta, sjølv på møteplassar dei har etterlyst. Men sjansen er langt større for å få dei med dersom "matnytten" er stor nok. Relevans er difor det mest sentrale omgrepene her. Er det som skal komme opp på møteplassen relevant nok, er også sjansen for å få fleire frå industrien spesielt og næringslivet generelt til å stille. Situasjonen i dag er at vi finn mange "møteryttarar" på desse møta, offentleg tilsette, konsulentar, revisjonsfolk, etc., og få av dei som "har skoa på" i industrianlegga.. Eg er også litt usikker på i kva grad bransjeavhengige temabaserte møteplassar vil skape den interesse som ein her ser føre seg. Spissa og relevante møteplassar er etter vår erfaring mest etterlyst.

Må ha ildsjeler med klare tanker og ideer, knytta opp mot forskningsmiljø, gjerne med internasjonal erfaring.

Tema bør være så spisse og konkrete som mogleg for at dei skal være relevante for deltakarane. Fokus bør være på resultat ut av aktiviteten gjennom prosjekt/tiltak ut i bedriftene.

Utnytte eksisterande miljø. Styrke satsing på inkubator-miljøa som innovative møteplassar og sikre at sentrale og attraktive driverar er representert i miljøa. Ein inkubator sikrar utviklingsprosessen og framdrifta samstundes som attraktive drivkrefter tiltrekker seg innovative og interessante aktørar.

Møteplassar på tvers - dra nytte av synergieffekt

Kunnskap om kvarandre

Møteplassane bør bli utforma som forpliktande samarbeidsarenaer. Eit eksempel frå Arena Frukt og Bær sitt innovasjonsnettverksprosjekt med deltakarar frå ulike ledd i verdikjeda: Prosesen vart gjennomført i to trinn, det første trinnet, besto av 4 samlingar med arbeidsoppgåver mellom samlingane og det vart arbeidd fram 15 forretningsmoglegheter (idear til innovasjonar ala lista under Delstrategi 1.1). Prosesen gikk over eit år. Inngangen til å delta i innovasjonsnettverket var kvar bedrift forplikta seg til å delta i arbeidet med realisering av minst ein av dei 15 ideane til innovasjon. I andre trinn vart det arbeidd med realisering av dei ideane ein samla seg om. Her sjekka ein ut om ideen var realiserbar; marknad, prototyper, forsking for å få fram naudsynt kunnskap, utvikling av forretningside, organisering, etc.

Innovasjonsnettverksdeltakarane møttest for å dele erfaringar med realiseringsarbeidet av dei ulike ideane, og gav innspel til kvarandre. Ein representant frå ein av verksemndene leia arbeidet med realisering av den enkelte innovasjon, og det var finansiering frå IN eller andre for å kjøre «realiseringsforprosjektet». Det er viktig med denne risikoavlastinga i slike innovasjonsprosjekt med fleire aktørar/konkurrentar. Om det viser seg at ideen (trinn 1) lar seg realisere (trinn 2), tar verksemndene beslutninga om realisering av innovasjonen. Dette kan både vere teneste, ny organisering, prosess, leverandør, marknad, etc. Det er viktig å skilje mellom uforpliktande læringsnettverk, der ein møter for å få kunnskap og går heim til verksemda og nyttar kunnskapen kvar for seg, eller innovasjonsnettverk der ein samarbeider om nye innovasjonar, og haustar nye verdiar av same innovasjonside. Deltakarar på innovasjonsnettverksmøta bør vere ei blanding av næringsliv, FoU og offentlege aktørar. Deltakarane i innovasjonsnettverket kan gjerne vere frå ulike bransjar ved utvikling av idear, men ved samarbeid om realisering av ideen bør ein ha eit felles mål/felles interesse, men gjerne eigne delmål.


Ein tettare dialog mellom industribedriftene langs kysten av Sogn og Fjordane der ein ser på mogelegheitene for ei felles satsing inn mot oljeindustrien og utnytting av gassilandføring i Gulen. Då tenkjer eg miljøet frå Mongstad til Måløy.

Få med folk som har satsa og lukkast til å fortelja om si erfaring

Delstrategi 1.2 Investorforum. Etablere møteplassar for kapitaleigarar

Vurder strategien på ein skala frå 1-6 der 1 er mest negativt og 6 er mest positivt.

Delstrategi 1.2. Investorforum. Studer aktuell tekst i strategien ved å klikke her



Navn	Prosent
1	0,0%
2	0,0%
3	0,0%
4	27,3%
5	45,5%
6	18,2%
Usikker	9,1%
N	11

Svar frå industrileiar: Min organisasjon har kapital for investering i industriutvikling. Mi vurdering av føresetnadar for å få til eit nyttig investorforum er.....

I den grad bedriften investerer er det basert på idealer om påvirkning av samfunnsutviklingen. Det er ikke aktuelt å investere uten at bedriften ser at bedriftens kompetanse eller markedstilgang kan påvirke investeringsobjektets virksomhet positivt. Allerede etablerte temabaserte møteplasser (Maritim Forening, Skogforum ol) kan og bør inkludere temaer knyttet til finansiering også fra andre kilder enn Innovasjon Norge.

Svar frå industrileiar: Mi bedrift har eit ønskje om å kome i kontakt med kapitaleigarar. Mi vurdering av føresetnadar for å få til eit nyttig investorforum er.....

"kompetent kapital" er et nøkkelbegrep. Bedriften kan vokse internasjonalt med de rette investorene på eiersiden. Kapitaleiere (primært utenfra fylket) med konkret kompetanse om næringer eller markeder bør inviteres inn på allerede etablerte møteplasser. Lokal kapital er trolig mer interessant for mindre bedrifter, og et "investorforum" bør antakelig fokusere på de mindre bedriftene med "uforløste" potensialer der "lokal kapital" kan gjøre en forskjell. Det er uklart hvordan fylkeskommunen kan medvirke til et effektivt investorforum.

Frå din ståstad; gi ei vurdering av kva eit investorforum kan bety for ditt arbeid.

For strategiske målsettingar er det sentralt at vår region utviklar tette band til miljø som har industrielle investorar knytt til seg. Industrietablering er så lange prosjekt at det over tid berre er dei med støtte frå tunge industrielle miljø som makta å realisere.

Investorar lausrive frå kompetanse er ikkje det viktigaste. Samstundes er lutelandsporsjektet komplekst med eit industriområde med plass til mange slags verksemder og for enkeltaktørar på industriområdet er denne organiseringa interessant. Uansett er det viktig at ein ikkje vel strategien "Vi klarer oss sjølv i Sogn og Fjordane". Med den type industri som no trengst, treng vi både kapital og kompetanse som både er nasjonal og internasjonal.

Tanken bak investorforum er både bra og viktig. Lokalt eigarskap er også sentralt. Nærheit, lojalitet og stabilitet er kjernefaktorar for industriksamfunna våre, ikkje minst for å generere meir vekst både folketalsmessig og næringsmessig. Men vi skal også ta godt vare på dei industrielle aktørane som har nasjonalt eller internasjonalt eigarskap. T.d. er verket i Svelgen like viktig for oss med kinesisk eigarskap som med norsk.

Det som i størst grad avgjer etablering og vidare satsing/drift er rammevilkåra vi tilbyr. Kraftavtaler, eigedomsskatt, formuesskatt, infrastruktur etc, er viktige vilkår i så måte. Det same er tilgangen på rett kompetanse.

Men også finansielle rammevilkår er viktige. Situasjonen i dag er at "lokalbankane" våre greier berre til dels å stette dei behova industrien og næringslivet har. Dei største føretaka må til større bankar og finansinstitusjonar for å hente kapital til ekspansjon og utvikling.

Det er sant at vi har ein del investorar som gjerne kunne gått sterkare på banen, men erfaringane viser vel at vi generelt sett har altfor få "kaptalistar" i fylket, og mange av dei vi har er patriotar og ønskjer helst å satse pengane sine der dei bur.

Men det betyr ikkje at etablering av eit investorforum vil vere irrelevant. Eg trur at det er ein god ide, også med tanke på å få fram nye tankar og idear om mulegheiter, drifts- og investeringsmåtar. Behovet er absolutt til stades, og eg er ikkje i tvil om at det etter kvart kan komme til å "kaste av seg" både i form av ny aktivitet og økonomisk gevinst. Det siste er jo, og må vere, sentralt for investormiljøa.

Kilde til utlösende kapital for å få realisert viktige stadie i en forretningsutvikling.

Dette kan medvirke til at ein reduserer avstanden mellom bedrifter og kapitaleigarar. Vil kunne være ein møteplass for å auke kunnskapsnivået for kaptialeigarane knytt til kva som eksisterer av muligheter i fylket. Bedriftene vil og kunne møte kapitaleigarar og forstå kva som må til for å tiltrekke seg kapital.

Det finnast godt etablerte investorforum som aktørar frå Sogn og Fjordane kan nytte om ideane er gode nok. Det vil vere vel så viktig og tiltrekke dei lokale investorkreftene til eit nasjonalt/internasjonalt miljø for å sikre kvalitet, enn å begrense investormoglegheitene til eit lokalt perspektiv. Det vil vere avgjerande å få inn industrielle investorar med brei erfaring og kunnskap for å sikre utviklinga (enn lokale finansielle investorar). Dette har ein større sjanse for om ein nyttar seg av eit breiare og større investormiljø, heller enn å prøve å lage eit eige lokalt investorforum. Det bør uansett motiverast til Business Angels miljø lokalt, og gode pre-såkornfond for tidlegfase gründerar.


Lokalt eigarskap erves viktig for både utvikling av industrien og lokalsamfunnet. eit slikt forum kan vere nyttig for å dra til seg lokal kapital, og eg trur eit tett samarbeid opp mot lokal bank er viktig.

Kan skaffe tilgang til finansieringskjelder for mindre verksemder som har gode ideear men manglar kapital

Delstrategi 2.1 Etablere «teknologicampus Sogn og Fjordane»

Vurder strategien på ein skala frå 1-6 der 1 er mest negativt og 6 er mest positivt.

Delstrategi 2.1. Etablere "teknologicampus Sogn og Fjordane". Studer aktuell tekst i strategien ved å klikke her.



Navn	Prosent
1	0,0%
2	0,0%
3	0,0%
4	54,5%
5	45,5%
6	0,0%
Usikker	0,0%
N	11

Svar frå industrileiar:.. Kva fagmiljø er viktigast for di bedrift med omsyn til teknologiutvikling ?

Universitet

Det viktigste for våre bedrifter er å skape et miljø der andre kan dra nytte av vårt fagmiljø og vi kan dra nytte av andre fagmiljøer (både akademiske, tekniske/industrielle og virkemiddelapparatet). Teknologiutvikling skjer når det finnes eller oppdages en utfordring som trenger en ny teknisk løsning. Kunnskap om (alle slags) behov forbedres når mennesker med lik eller ulik bakgrunn møtes og tillit og åpenhet oppstår (over tid). Dette er hovedårsaken til at "klynger" bestående av ulike aktører gir verdiskaping og næringsutvikling. Når det spesifikt gjelder akademiske fagmiljøer (utdanning og forskning) er det viktigste for våre bedrifter tilgangen til allerede tillært kunnskap innenfor alle naturfaglige og tekniske fagretninger, men vi har de tydeligste kompetansehullene innenfor kjemi og biologi. Samtidig har vi selv et vesentlig fagmiljø innenfor automasjon, elektro og fysikk (primært mekanikk og termodynamikk) som har verdi for andre (også for de akademiske miljøene).

Svar frå industrileiar:.. Di vurdering av mogeleg nytteverdi for di bedrift av å få etablert eit "teknologicampus Sogn og Fjordane"

Vårt initiativ til et "teknologicampus" på verftet er ikke primært begrunnet i egen nytteverdi, men er i vesentlig større grad et bidrag til samfunnsutviklingen. Spørsmålstillingene i "questback" tar etter vår oppfatning et litt for sterkt utgangspunkt i hva "de akademiske miljø" kan gjøre for næringslivet og bedriftenes egeninteresse. Vi tror at det finnes betydelige samhandlingsgevinster som både kan redusere kostnadsnivåer (fordi flere kan utnytte de samme ressursene) og øke den totale verdiskapningen, fordi miljøet totalt sett blir komplett dersom det etableres et slikt campus. I forbindelse med vårt eget initiativ til et slikt campus og til et "prototypelaboratorium" har vi "oppdaget" en lang rekke muligheter som kan utnyttes vesentlig enklere i et slikt "komplett" miljø som inkluderer næringsliv, forskning og utdanning og relevante offentlige funksjoner.

Svar frå industrileiar:.. Dersom ei slik etablering skal vere nyttig, kva vurderer du som dei viktigaste suksessfaktorane?

Kapital og kunnskap

En optimal suksess forutsetter at alle høyere tekniske utdannelser (Høgskole og Fagskule) som allerede er etablert i Førde samlokaliseres med relevant industri, og at det skjer forskning i naturfaglig/teknisk retning i det samme miljø. Andre utdanningsfunksjoner slik som opplæringskontorene bør også etableres i tilknytning til det samme miljø. Offentlige funksjoner som er "næringsutviklingsorientert" (Innovasjon Norge, (deler av) fylkeskommunens næringsutviklingsapparat og tilsvarende kommunale støttefunksjoner) bør være lokalisert i det samme området. Andre næringslivsaktører (ikke bare teknisk orienterte) vil finne et slikt miljø attraktivt både for samlokalisering, men også som en møteplass for aktører andre steder i regionen. Innenfor enkelte områder, typisk optimalisering av naturressurser, vil et slikt miljø kunne bli attraktivt langt utenfor fylkesgrensene.

Di vurdering av suksessfaktorar for å få til eit "teknologicampus Sogn og Fjordane":...

Satsing på sentrale utviklingsretningar inn mot den framtidige industrisatsinga. Våre sentrale fokus bør bygge opp kring felta; Mat+ energi+mineral.

Til no har høgskule- og forskingsmiljøet sett ut til å vere tungt innretta mot samfunnsspørsmål, mot skule, helse, friluftsliv og idrett, og til dels mot miljø og landskap.

Mo r vidt dette let seg gire om til "teknologicampus" er eg noko usikker på. ein slik campus bør i tilfelle lokaliserast rundt ingeniørutdanninga i Førde og Florø og fagskulen i Førde.

Eit mål om å få til ei betre samhandling mellom utdanningsinstitusjonane, fagmiljøa og

næringslivet er godt. Som det blir sagt kan dette vere ein av nøklane som skal til for å utvikle næringslivet og stimulere til auka verdiskaping.

Vi har tru på etableringa av teknologicampus, men vi er usikre på om det bør vere berre eitt eller fleire campus. Det viktige er uansett at eit slike campus blir etablerte der det er eit større og gjerne differensiert industrielt miljø frå før av, slik at ein kan nyte seg av den kompetansen som er i området. Døme på etablering på "feil" plass er oppretting av høgskuletilbod i aquakultur i Sogndal, langt utanfor næringa sitt kjerneområde på kysten. Slikt går ikkje.

NHO S&F har jobba ein god del med å få utdanningsinstitusjonane til å få eit større næringsfokus, ikkje minst gjennom å få HiSF til å ha dette med seg i strategiarbeidet sitt. Det har kome seg, og vi ser at det private næringslivet får stadig meir merksemd også når utdanningstilbod skal vurderast i fylket og planer skal rullerast ved HiSF. Det at ein held oppe og satsar på yrkesfagleg utdanning som næringslivet/industrien har behov for, er viktig, samstundes som ein stimulerer til å få fleire lærlingebedrifter gjennom m.a. å la bedriftene få meir (gjerne heile) lærlingetilskotet, som i dag i altfor stor grad blir "salta ned" som eigenkapital hos opplæringskontora.

Eit moment her, som gjerne er litt på sida, er at det offentlege også tek inn fleire lærlingar er sentralt her, og det bør innførast ein praksis der det offentlege legg inn i kravsspekken sin at tilbodsleverandørar til det offentlege skal kunne vise til at dei har lærlingar.

Jfr hva som er sagt om kopling mot forskningsmiljø - det samme vil gjelde her.

Det er viktig at eit slike miljø er utadvendte og desentrale, der samlokalisering mellom utdanningsmiljø og næringsmiljø skjer desentralt. Utvikle vidare og etterutdanningsmiljø som felles prosjekt mot desentrale satellittar. Det er viktig at teknologicampus blir ein del av næringsmiljøa i fylket og ikkje eit isolert miljø.

Bra, men her bør ein spele på eksisterande miljø, ikkje prøve å skape eit miljø der det ikkje ligg eit grunnlag. Heller fleire små campus-miljø, innanfor ulike sektorar, men under same paraply, enn ein stor etablering som skal «samlokalisera». Store avstandar i fylket vil gjøre det vanskeleg. Gode video-overføringer (forelesingar, kurs, delingar) mellom Campus'ane er viktigare enn berre ein stor lokasjon.


Viktige suksessfaktorar er at næringslivet har behov for og ynskjer ein slik møteplass i Sogn og Fjordane, og at det er tilstrekkeleg fagkompetanse og ressursar i fagmiljøa. Ein annan viktig suksessfaktor er å nytte FoU-kompetansen og ressursane på samfunnsvitskaplege kunnskapsfelt som allereie er i fylket hos blant anna Vestlandsforsking i tillegg å ha tilgang på avansert naturvitenskapleg FoU, teknisk utvikling, pilotering, etc. Vestlandsforsking deltek i ei rekke nettverk og samarbeid, blant anna med Hellenes, ny industriutvikling i Høyanger, Maritim foreining, IT-forum, Breibandforum, reiselivsverksemder og andre verksemder i fylket, for eksempel Lerum Frakt, for å nemne nokre av aktivitetane. Rolla vår i samarbeid med industripartnerar er blant anna 1) forskarassistert medverknad i arbeidet og nettverksarbeidet, 2) nytte forskarnettverket (nasjonalt og internasjonalt) til å kople på kompetanse og kunnskap til det konkrete prosjektet og 3) formidling, utgreiingar og forskingsaktivitetar for ny kunnskap til bruk hos verksemndene. Andre suksessfaktorar er at næringslivet ser nytta av å nytte FoU i utviklings- og innovasjonsprosessane sine, og at det offentlege prioriterer langsiktig kompetansebygging i FoU institusjonane og ressursar til publisering (kvalitetssikring av forskingsresultat), slik at dei relativt små FoU miljøa i fylket kan evne å ta på seg oppdrag frå lokalt næringsliv - eit næringsliv som tradisjonelt investerer lite i FoU-aktivitetar. Det blir viktig å fylle eit evt. teknologicampus med innhald.

er einig i dei satsingane som ligg i strategien.

Delstrategi 2.2 Satse på yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø

Vurder strategien på ein skala frå 1-6 der 1 er mest negativt og 6 er mest positivt.

Delstrategi 2.2. Satse på yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien. Studer aktuell tekst i strategien ved å klikkeher.



Navn	Prosent
1	0,0%
2	0,0%
3	0,0%
4	21,4%
5	78,6%
6	0,0%
Usikker	0,0%
N	14

Di vurdering av kva tiltak som er særleg viktig for å få ungdom til å velje yrkesfag som er viktig for industrien i fylket: Tiltak i bedrifter.

Gode realistiske rådgjevarar i skulen.

Skulen må knyte til seg gode representantar frå "industribedrifter"

Lærlingordning med eit romsleg opptak av læringer, praksis- og utplasseringplassar og ikkje minst at bediftane har tid til å ta seg av dei som er under utdanning.

Læreplasser og mentor ordning

Bli mer synlig, samtidig som rådgiverne ikke har tilstrekkelig kunnskap. Invitere skule og elever inn på et tidligere tidspunkt

Det er sjølv sagt rett det som står i strategien, men veldig generelt.

Det viktigaste er at det politiske miljøet set industrien på dagsordenen, ikkje minst når dei skal vurdere skulestruktur og utdanningstilbod i fylket; valet står altså ofte mellom mindre dans og drama, og meir yrkesfag. Rådgjevinga på skulane (spesielt på ungdomstrinnet) er viktig, at rådgjevarane har kjennskap til næringsliv/industri, og ser verdien av yrkesfag. Det er også viktig at ein "oppdrar" foreldre (mødre) til å sjå på yrkesfag som ei "verdig" utdanning. Her trengst det informasjon for å heve statusen, og denne infoen/oppdragringa kan godt komme så tidleg som i barnehagen.

Næringslivet har sjølv sagt også eit ansvar for å informere og spreie kunnskap om yrkesfaga. Når næringane sjølv promoterer det dei driv med har det ofte stor og god effekt, gjerne også i kombinasjon med å invitere ungdom/elever til bedriftsbesøk.

NHO S&F har køyrt eit prosjekt i fylket for å styrke interessa for realfaga i skulen, Lektor 2. Det har vore svært vellukka. Her har vi bl.a. brukt næringslivsleiarar i undervisninga samt bedriftsbesøk der ein har fått løyst relevante, faglege oppgåver.

Må vise ungdommen hva vi har. Må få de som arbeider i industrien til å fortelle om hvordan det er å arbeide i industrien. Det er mer og mer planleggings og prosjektarbeid, samt ledelse enn å stå i en produksjonslinje.

Framsnakking av egen bedrift, egen arbeidsplass, og formidle ønske om å dele kunnskap.

Ta inn ungdom på korttidsengasjement

Gode lærlingordningar, godt samarbeid mellom industri og skular, slik at ungdommane får kjennskap til kva arbeidsplassar som finst.

Bedriftenes primærbehov er selvsagt knyttet til egen rekruttering kortsiktig, men også langsiktig. Bedriften må kommunisere egne behov til relevante myndigheter og være med å synliggjøre verdien av å ta en praktisk utdanning. Dette kan for eksempel skje ved å akseptere skolebesøk ol. Spesifikt for Hellenes, har vi etablert selskapet SFIINX som er i ferd med å etablere et prototypeverksted som er relevant både for næringsliv og utdanning på alle nivåer. Vi jobber med å tilby skoleverket forskjellige løsninger, og vil forsøke å formalisere et samarbeid på alle nivåer.

Bygge ut lærlingepllassar og praksisplassar, Sikre at teknologi endringar og innovasjon i næringslivet blir teke inn som ein del av undervisninga i skulane.

Saman med skulane være aktive på forsøksordningar og ta opp nye trendar i næringslivet.

Gjere industrien, yrkesfaga og satsing på realfag spanande. Det er og viktig sjå på dei langsiktige behova og sikre utdanningsløp som bidreg til den framtidige verdiskapinga.

Motivere bedrifter til å bidra inn til opplæringsinstitusjonane. Synleggjere for studentane satsing på innovasjon og nyskaping i verksemndene ((det er mykje innovasjon og utvikling i industrien) som kan vere med å gjer industrielle arbeidsplassar meir attraktive.

Nærleik mellom utdanning og næringsliv er avgjerdande, i tillegg til satsing på og motivering til å tilby praksis-/lærlingepllassar.

Etablere ein struktur mellom næringsliv, skuleleiing og fylkeskommune for å rettleie elevane tidleg nok, samstundes som skulane tilbyr utdanning i fag der det kan skaffast lærlingepllassar i nærmiljøet.

Tiltak: Attraktive lærlingplassar og gode fagmiljø for vidare utvikling av den enkelte medarbeidar på arbeidsplassen.

Det er viktig at det offentlege støttar initiativ frå næringslivet, som til dømes Holen Installasjon i Sogndal sitt initiativ til å bygge og etablere eit fagmiljø for energieffektivisering i Sogndal/Sogn og Fjordane (i bedrifter og akademia) som eit ledd i å halde på lærlingane etter at læretida er over. Erfaringa til Holen er at lærlingane flyttar ut av fylket for vidare utdanning, og ideen er å bygge eit sterkt fagmiljø i Sogndal/Sogn og Fjordane slik at lærlingane ser moglegheiter for vidare utvikling her heime og vert verande, og samstundes tiltrekke seg arbeidskraft utanfrå fylket til fagmiljøet innan energieffektivisering. Slike innovative tiltak for arbeidsplassvekst bør det offentlege i Sogn og Fjordane støtte i oppstartsfasen/idefasen for å avlaste risikoene for bedrifta.

Auka lærlingepllassar.

Lærlingeordning, hospitantar, tett samarbeid med NAV om utplassering av arbeidslause,

Politisk: knytte aktivitetskrav til utbetaling frå NAV

Di vurdering av kva tiltak som er særleg viktig for å få ungdom til å velje yrkesfag som er viktig for industrien i fylket: Tiltak i skulane.

Sørge for at vidaregåande skular i nærleiken av store industriverksemder(Hos oss Lutelandet og Havyard) har noko kapaistet innanfor dei aktuelle faga.

Bedre samhandling mellom bedrifter og skule

Informere om muligheter fra fagbrev, godt grunnlag for videre på teknisk skule eller høgskole.

Se over - samarbeid mellom skole og industri.

Framsnakking av fagarbeidere, - holdningskapende arbeid.

En mer praktisk vinkling på all form for læring kan vanskelig være negativt. Tiltak som åpner for enkle overganger fra praktisk grunnutdannelse til høyere teknisk utdannelse (slik som Y-veien på ingeniørstudiet og TAF ordninger) vil kanskje gjøre det enklere å starte med en yrkesutdannelse også for "de skoleflinke". Det viktigste er trolig at det tilbys utdanningsretninger som er direkte relevant for spennende jobber i nærområdet.

Utvikle hospiteringsordningar for lærarar i industrien. Samlokalisere yrkesfag og bedriftsmiljø for å styrke kunnskap og samhandling.

Styrke ressursar knytt til næringslivskontakt i administrasjonen i skulane.

Skulane må utvikle større fleksibilitet knytt til organisering av skuledagane tilpassa bransjene dei rekrutterer mot.

Flytte meir av utdanninga ut i bedriftene.

Gode rådgjevarar i skulesystemet (sikre rådgjevarane opplæring i den langsiktig industrialsatsing/verdiskaping for regionen, kontinuerlig) .

Få barn/ungdom tidleg ut i bedriftene for å sjå kva jobbar som kan vere aktuelle i framtida.

Betre rådgjevingstenesta og kunnskapsdelinga mellom industrien og rådgjevingstenesta. Få fram dei gode døma frå yrkesfag. Gje yrkesfag status også hos teoretisk sterke elevar.

Nok elevplassar. Til dømes hadde opp mot 60 elevar elektrolinja i Sogndal som sitt førsteval i år, medan berre 28 fekk studieplass.


Tilby relevante studiar. Som til dømes IT-utdanning som vert etterspurd av næringslivet.

Yrkesrettleiing i ungdomsskulen er særstakt viktig. Må legge meir vekt på kva arbeidsplassar som fins enn kva ynskje den enkelte elev har.

Anledning for industrifolk til informasjonsarbeid i skulane

Delstrategi 3.1 Etablere strategi for rekruttering av nye verksemder der fylket har fortrinn og det er naturleg at Sogn og Fjordane er eller kan bli sterkt**Vurder strategien ut frå målet om auka tal arbeidsplassar på ein skala frå 1-6 der 1 er mest negativt og 6 er mest positivt.**

Delstrategi 3.1. (Akkvisisjonsstrategi) Etablere strategi for rekruttering av nye verksemder. Studer aktuell tekst i strategien ved å klikke her



Navn	Prosent
1	0,0%
2	0,0%
3	25,0%
4	16,7%
5	33,3%
6	16,7%
Usikker	8,3%
N	12

Kva er viktige føresetnadar for å lukkast i eit arbeid for å få til tilflytting av nye verksemder utanfrå?

Akkvisasjon er sentralt element for å kunne "ta store løft i næringsvekst". Etablering av store næringsareal er kritisk avhengig av å få knytt til seg nye bedrifter frå andre stadar i verda. Akkvisasjon betyr radikalt endra metode for "korleis vi får etablert slik kontakt" mot desse potensielle nye bedriftene. Auka risiko er også med i oppgåva slik at dette ikkje er ei lett oppgåve.

1. Der er tilgjengelege areal og naudsynt infrastruktur
2. Vi er klare på at dei er velkomne
3. At vi har ressursar som kan drive marknadsføring og bygge nettverk der dei aktuelle verksemdene er.

Infrastruktur.

Sikker arbeidsplass med god infrastruktur, med godt tilrettelagte forhold som: Barnehage-skole- videregående skole, samt andre sosiale tilbud.

Dette er eit viktig område, men det er sentralt at industrien sjølv kjenner eigarskap til denne akkvisjonsstrategien. Den kan ikkje vere eit resultat av byråkratar og konsulentars gruppearbeid. S&F har mykje som kan kallast komparative fortrinn som kan spinnast vidare på og bli til store og viktige framtidsnæringer. Nokre er nemnde i dokumentet, men vi har fleire ting, ikkje minst på mineralsida, der vi kan sette oss i førarsetet og bli "alkymistar"; - vi kan skape meirverdi på produktsida og innan FoU på mineral.

Eit anna viktig område å jobbe med i denne samanheng er å promotere fylket som noko anna enn eit "trivselsfylke" og "annleisfylke". Vi må gjøre til kjenne at vi er eit industrifylke/næringslivsfylke som verkeleg vil satse offensivt framover. Då har vi også større sjanse til å få tilført oss nye aktørar/kompetanse og ny aktivitet. Ingen ønskjer å satse industrielt og finansielt i eit "naturreservat".

I tillegg må også politikarane våre jobbe for dette og for at rammevilkåra skal bli optimale i fylket. Null eigedomsskatt for industrien er ein god start.

Det må bygge på å finne ildsjeler og legge til rette for etablering (firma, ektefelle/samboer, familie, barnehage, skole mm)

Fremsnakking av de unike mulighetene som finnes i regionen, med særlig fokus på utnyttelse av naturressurser. Fokuset på "lokalt eierskap" kan være negativt for viljen utenfra til å satse i regionen. Vi må vise at alle er velkomne til å drive virksomhet i regionen.

Ein må ha kartlagt kva fortrinn ein har og kva næringsmiljø ein har. Akkvisjon vil være å komplettere med nye bedrifter ved å utnytte dei fortrinna ein har og dei "hol" ein har i ulike næringsmiljø.

Virkemiddelapparatet må bygge opp eit spissa sentralt miljø (team) som kan akkvisjon og som jobbar saman med dei lokale innovasjonsmiljø i ulike kommunar/regionar.

Kartlegge og utvikle verkemiddel eit slikt miljø har til disposisjon (verktøykasse).

Større satsing på den marine næringa som mest truleg har potensiale for stor (størst) vekst. Tilrettelegging for attraktive næringsareal og satsing på gode samhandlingsarenaer. Gode testfasilitetar for utvikling og testing av nye produkt/metoder. Attraktivt og innovativt utviklingsmiljø.

Det viktigaste her er infrastrukturen i Sogn og Fjordane må betrast. Dette gjeld både samferdsle og IKT-satsinga.

Tilby næringsareal i kommunane, bruke verkemiddelapparatet aktivt. Tilby gode buminljø for tilsette i bedriftene

SAMLA VURDERING:

Er det tema du saknar i industristrategien?

Gjennomgående manglende fokus på våre viktigaste historiske satsingar som er innan foredling av metall og mineral.

Leverandørindustri til oppdrettsnæringa. Særleg ein leverandørindustri som kan vere med på å redusere miljøutfordringane til næringa. (Lus, rømming, sjukdomsspreiing)

Den kan konkretiserast/spissast noko meir slik at den blir meir retningsgjevande og "bindande", ikkje minst for det politiske miljøet. Då vil den også bli betre mottatt av næringslivet.

Det overordna målet bør jo vere at vi skal ha ei endring i tankegang og satsing, og at empirien får større kraft enn dei indarlege ønskja.

Savner forklaring på hvordan SWOT og valgte Strategier henger sammen.

Egentlig ikke, men mange av de betraktningene som finnes i dokumentet er minst like relevant for annen virksomhet. Et tema som er berørt i dokumentet, men bare i begrenset grad i questback er de mulighetene som fylket har til å hente ut gevinstar gjennom deling av kunnskap mellom næringar (bransjeoverskridende).

Det er viktig at marknadsarbeid og marknadskunnskap på tvers av bransjar er ei sentral utfordring som kunne vore løfta opp som ei eiga satsing for å skape vekst i industrien. Det ligg som eit punkt under temabaserte møteplassar.

Verdiskapingsplanen seier at dei nye arbeidsplassane i aukande grad vil vere internasjonalt orienterte. Men Industristrategien seier ikkje mye om korleis dette skal skje i industrien. Internasjonalisering er heller ikkje nemnt i SWOT analysa...

"Lokalt eigarskap" står både som styrke og svakheit ?

"Kort veg mellom aktørar" heller ein styrke enn ein moglegheit?

Lite konkrete målsettingar. Einaste konkrete målsetting er verdiskapingsplanen sin målsetting om 500 nye arbeidsplassar. Kor mange av dei skal etablerast innan industrien?

Ein av tre strategiar er å tiltrekke seg kompetanse utanifrå, og det er bra. Men er det fordi den lokale industrien ikkje har mulighet til å utvikle eigen industri og utvikle moglegheitane? Ein bør i alle fall underbygge betre kvifor ikkje dei lokale kreftene kan utnytte fylket sine fortrinn (mangel på kapital eller mangel på kompetanse, for eksempel). Syner også i denne samanheng til bodskapet i verdiskapingsplanen om at lokalt eigarskap er vesentleg for å sikre ringverknader frå dei sterke primær- og sekundærnæringane, gjennom underleveransar og nyskaping..

Fylket si satsing på inkubatorane og dei lokale næringsutviklingselskapa. Utnytte dei eksisterande gode miljøa.

Utvikling av felles mål for industrien i fylket, f. eks.: 1) Det fylket i landet med flest nyetableringar og høgast overlevingsevne, 2) Industri som er best på grøn etablering evt. omstilling, 3) Det fylket som er best på energieffektivisering, etc. Dette er berre eksempel. Industrien må sjølv sette sine mål.

Mulig ein også skal greie ut etablering av eit innovasjonscampus, evt. grundercampus, som eit alternativ til eit teknologicampus i fylket?

Strategien er både for industrien og for leverandørane til industrien (pkt 2). Er industristrategi det beste namnet for å famne om begge målgruppene for strategien?

Det bør fokuserast på mogelegheiter innan mineralindustrien, men det må vere ein forutsetning at det skjer på ein bærekraftig måte med hensyn til deponering.

Arbeid med politiske rammevilkå må prioriterast høgt.

Det er viktig å forenkle lov- og forskriftsverk slik at dette ikkje vert eit hinder for næringsutvikling eller eit forhold som gjer at bedrifter legg ned verksemda pga innfløkt og unødvendig lovverk.

Det overordna målet er å skape arbeidsplassar. Kva strategi tykkjer du er særleg viktig når du vurderer heilskapen i industristrategien?

Vi må oppnå at vi sikrar vekst i arbeidsplassar som her den fordel at " dei er hos oss, og kan ikkje flyttast". Dette betyr at tung industri med fokus på lokale råstoff som kan forelast og dermed sikre større kontroll med verdikjeda er sentral strategi.

Det grøne skiftet:

Grøn energiproduksjon; Vasskraft, vindkraft, fjern/fjordvarme

Attvinning og gjenbruk. Kanskje eit smelteverk basert på attvinning av metall frå oljeindustrien drive av elektrisk kraft.

Viser til ovenforståande samtidigare tekst.

Samarbeid mellom industриledere (nettverk) på tvers av bransjer, parret med forskning og utdanning.

Sterkere koblinger og samlokalisering mellom næring, utdanning, forskning og relevante offentlige funksjoner der det lar seg gjøre (de større tettstedene og byene).

Vi ser svært positivt på at vi har fått etablert ein eigen industristrategi og trur at denne satsinga indirekte vil være viktig for å lukkast innan andre bransjar.

Industrisatsing gjer at vi får tett kontakt opp mot ein internasjonal marknad og som gir impulsar inn til næringsmiljø i Sogn og Fjordane. Dette knyter lokale bedrifter i fylket opp i globale verdikjeder.

Styrke kopplinga mellom forsking og industri - der ligg det store moglegheiter som næringslivet i Sogn og Fjordane ikkje har nyttet seg tilstrekkeleg av. Elles å satse på langsiktig og gode utdanningssystem. Gode samhandlingsarenaer.

Ein av styrkane til industrien i Sogn og Fjordane er «erfaring». Det synes å vere ein god strategi å kople dei erfarne industripartnarane saman med leverandørar og grunderar for å innovere i lag. Kompetente medarbeidarar er sjølvsagt viktig, samt at næringslivet evner/ser nyten av å nytte ny kunnskap og forsking i utviklings- og innovasjonsprosessane sine.

Det må byggast industriklynger i Sogn og Fjordane. Det må byggast vidare på dei miljøa som er der i dag, særleg langs kysten.

Satsa sterkt på dei næringar der fylket har eit naturleg fortrinn, dvs marine og maritime næringar på kysten og landbruksbasert næringsliv i indre strøk.

Vis at det ikkje er motsetnad mellom desse.

Det overordna målet er å skape arbeidsplassar. Kva politiske rammevilkår tykkjer du er særleg viktig når du vurderar heilskapen i industristrategien?

Omfanget av planprosessar og oppstramming av regimet med motsegner må bli meir strukturert. Tid er viktig ved industrisatsing slik at det må leggast opp til meir parallelle prosessar i planfasar slik at "tid" ikkje blir eit "obstruksjonsvåpen" for sektorinnspele. Gode og effektive lovreguleringar.

Vi treng ein "næringsvennleg" politikk:

1. Rask og effektiv handsaming av alle søknader(byggesaker, utsleppsløyve,

For diffust. Eksemplifisering og promotering av gode og viktige rammevilkår må synleggjerast, sjølv om dei kan vere politisk kontroversielle.

- Null eigedomsskatt til industrien
 - Nøytral MVA ved levering til offentleg sektor (t.d. for vaskeribransjen)
 - Effektiv arealplanlegging
 - Større og meir effektive kommunar
 - Mindre byråkrati (forenkling)
 - Utjamning av nettleiga (påverking)
 - Optimalisering av grunnrenteskatt (påverking)
 - Styrking av yrkesfag
-

Skatt- og avgiftspolitikk samt samferdsel.

-
- 1. Breiband
 - 2. Samferdsle
 - 3. Gode og langsiktige kommuneplanar
 - 4. Tenlege ordningar frå Innovasjon Noreg
-

Samordning av energi, klima og miljøpolitikk er særsviktig for å sikre gode og forusigbare rammevilkår for industrien.

Auka bruk av lokal kraftproduksjon og sikre kortreist kraft. Det må unngås at kostnadane knytt til å bygge nye linjer for å eksportere kraft ut av fylket går utover lokal industri.

Styrke teknologifaga og entreprenørskap i den vidaregåande skulen.

Støtte opp under næringsmiddelindustrien i fylket.

Tilrettelegge for gode ordningar frå statleg hald for omstilling og tilrettelegging til nye miljøteknologiske løysingar.

Alliere seg med fylker og regionar i Noreg med samanfallande interesser.

Syner til motteken sak på høyring som vedkjem industristrategi for Sogn og Fjordane. Som representant for dei som leverer råvarene til den industriegreina i fylket med flest sysselsette, næringsmiddelindustrien, ynskjer vi å komme med nokon innspel. Vi har vore i dialog med næringsmiddelindustrien i fylket for å høyre kva dei ser på som viktig sett i høve til sine utviklingsmoglegheiter.

Strategi 1

Slik planen seier er det viktig at det vert lagt vekt på bransjeuavhengige møteplassar der kunnskap og nettverk kan byggast!

Strategi 2 – Viktig å sjå begge delstrategiane samla

Etablere ein struktur mellom næringsliv, skuleleiing og fylkeskommune for å rettleie elevane tidleg nok, samstundes som skulane tilbyr utdanning i fag der det kan skaffast lærlingepllassar i nærmiljøet.

I kapittel 7 vert det nemnt nokon politiske problemstillingar som er svært viktige for rammevilkåra til industrien som foredlar og får råvaretilgangen. Vi saknar ein strategi som seie rønoko om korleis ein politisk kan arbeide for å sikre industrien politiske rammevilkår som grunnlag for utvikling. Det vil ikkje vere tvil om at dei politiske rammevilkåra vil vere avgjerande for utviklingsmoglegheitene framover.

- Det vil vere avgjerande å legge til rette for at størst mogleg grad av foredlinga av varene kan skje i fylket, i alle høve innan dei næringane der alternativet er vidareforedling andre stader i Norge.
- For kjøtindustrien er råvaretilgangen den største utfordring og største uroa. Det er ikkje behov for noko ny-estableringar i industrileddet, det vil kunne føre til overkapasitet. Kjøtindustrien er volumavhengig for å vere konkurransedyktig nasjonalt. Det handlar om å oppretthalde og auke aktiviteten i den industrien vi har. Om vi ikkje lukkast med dette vil industriaktiviteten gå ned. Ein auke i kjøtproduksjonen og då særleg på storfekjøt vil vere viktig. Der er det underdekning av norsk råvare. Slakteriindustri vil følgje takta på kjøtproduksjonen, difor må satsinga skje på råvareproduksjonen. Dette bør kome endå tydelegare fram i planen som ei utfordring politikarane må jobbe vidare med.

Satsing på FoU

Det må skapast gode rammevilkår for industrien, her kan nemnast større satsing gjennom Innovasjon Norge, og gjennom ei mykje meir offensiv satsing på samferdsle.

Tilgjengeleg areal for havbruksnæringa.

Gode hovudvegar og gode sidevegar fram til viktige industristader, kaiar mv

At politikarane legg til rette for og framsnakkarnæringar med stor lønnsemeld og framtidspotensiale
